

Festidalen med vellukka promoturnè.

26.07.2014



Festidalen-folket fekk svært positiv mottaking på turnèn sin i dag.

Ei gruppe frå Festidalen-leiinga har i dag besøkt Rosendal, Uskedalen, Husnes og Sæbøvik som eit ledd i promosinga av festivalen som no er nært føreståande. Det vart delt ut Festidalenavis, selt Festidalen-effektar som solbriller og t-skjorter, og det vart ikkje minst utkjempa sjakk-kampar. Dessutan var det og ein fin mulighet for frivillige til å melde seg til teneste.

I Uskedalen hadde dei base utanfor Spar-butikken. Der hadde Bjørn Olav Tveit teke plass med sjakkrettet, og han var klar til å ta eit parti mot utfordrarar. Han var nok full av sjølvtilit etter som han var ubeseira etter kampane i Rosendal. Uskedelingane hadde alfor stor respekt for Tveit. Det måtte internasjonal motstand til! Det var berre den 18 år gamle turisten Gerald Schmidhofer frå Austerrike som våga å utfordra Festidalen-leiaren. Også denne kampen vann Tveit. Dermed vart han ubeseira denne dagen. Resten av dagen måtte han bruka til andre Festidalen-oppgåver, og dermed vart han erstatta av far sin, Haldor Tveit, på Husnes og Sæbøvik.

- Bakgrunnen for denne turnèn er mellom anna å setja litt fokus på sjakk-programmet under Festidalen, innleiar Bjørn Olav før han held fram. - Det vert arrangert sjakkverkstad på dagtid torsdag, fredag og laurdag. Arrangørane hadde avtale med Atle Grønn som instruktør til denne verkstaden, men han måtte avlyse då han skal vere ekspertkommentator for NRK under sjakk-OL i Tromsø. Som erstatning kjem sjølvaste Ole Valaker, noko vi er strålende nøgde med.



Festidalen-leiar Bjørn Olav Tveit har travle dagar, og må gjere fleire ting samstundes. Her vinn han sjakkpatiet mot Gerald Schmidhofer frå Austerike, og dermed vert han ubeseira på turnéen.

Ole Valaker er ein kjend person i norsk sjakkmiljø både som utøvar og pedagog. Han er godkjent av det internasjonale sjakkforbundet FIDE som instruktør for nybyrjarar. I 2012 vart han tildelt Norges Sjakkforbunds Heidersteikn i gull for det arbeidet han i ei årrekke har gjort for norsk sjakk. Han er også tildelt Ungdommens Sjakkforbunds gullmedalje. Gjennom si sjakkspalte i Nettavisen, som han var ansvarleg for frå 2001 til 2013, har han bidrege til å gje sjakk ein plass i norske media, og han har også vore nytta som kommentator i TV. Han har også skrive bok med Magnus Carlsen: 'Lær sjakk med Magnus', og skriv no på ei bok om VM-finalane mot Anand saman med stormeister Leif Erlend Johannessen. Det er med andre ord ein retteleg kapasitet som kjem til bygda for å lære bort sjakken sine uranskelege vegar til Festidalen sitt publikum. Sjakkverkstaden vil føregå torsdag kl 17, fredag kl 14 og laurdag kl 11 i Rabbenkjedlaren vis-a-vis Sparbutikken. Laurdag kl 13 vil Valaker halde eit føredrag om Magnus Carlsen og hans sjakkarriere. Her er avgrensa med plassar, så det kan vere lurt å tinge plass ved å ringe Haldor Tveit på tlf 40 40 03 56.

Medan Bjørn Olav var oppteken med sjakk, var mange andre i aktivitet med å marknadsføre Festidalen på andre måtar. Basen var utanfor Spar, men dei besøkte båthamna og oppsøkte både tilreisande og andre i det nærliggjande området. Det var utdeling av Festidalenavisa, salg av både Festidalen t-skjorter og solbriller. Nokre melde seg som frivillige og frå sjakkbordet tona det dempa musikk frå Festidalen-artistane sitt repertoar. Stemningen var god, og no vil den berre stiga fram mot neste helg.



Heine Kaldefoss frå Sagvåg har vore i Uskedalen mange gonger som slagverksinstruktør. Denne helga var han på besøk på Eikelandet Brygge. Neste helg er han garantert tilbake!

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.